

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 Fylke: Nord-Trøndelag
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Frol
 Emne: S K A V . Bygdelag: Frol
 Oppskr. av: Arne Vardehaug Gard: Sørholt
 (adresse): Levanger G.nr. 13 Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Skav har heilt gått av bruk i bygda . Men då eg var ungen hende det at vi bruka det heime og eg såg også at ~~XXXXXX~~ andre bruka det . Noko sers reglar eller skik= ar , kan eg ikkje hugsa det var i dette høve, heller ikkje skjerskilde reidskap.

Når ein hadde ved som måta til det, så var det sko= ve skav av det . Det var då ymse vårar med lite for , at det og vart henta heim slik ved med tanke på å få til skav.

Eg hugsar at bandkniven vart bruka . men ofte bruka dei tollkniven å skava med.

Rogn , hegg og asp vart bruka til skav. Vi har eit rim frå Frol og :

Via velte

Selli svelte

Hegg gi merg i legg

Asp gi smør i ask

Rogn får hyllan te å bogn.

Skavet og trekjebanne vart oftes koka for å laga laug . Det kokte skavet vart og bruka til for . Men ein måtte vera varsam med lauget så ikkje dyra fekk for sterk blanding og for mykje for å byrja med. Når dyra hadde vorte van med det tolde dei det betre. Ja like til kalvar, lam og kid fekk laug av skav . Dei skulle verta så fin og blank av det.

Asp=skav skulle og vera god til hest. Helst då turka og male.

Skavet skulle gjeva mykje mjølk og fint, gult smør.

Nå er det vist ingen i Frol som Nyttar skav. Ein maa vel attåver ein 40 år i tida for å finna restar av skavbruk.